



Vedr. Planprogram for arealdelen til kommuneplanen  
( Kommuneplan for Kvinnherad 2014 – 2018 – arealdelen)

### **Merknad til planprogram :**

Ein viser til planprogram som er lagt ut til høyring og Sunde Kyst-og Litteratursenter vil med dette fremja merknad vedr. strandstaden Sunde i SHL som kulturmiljø og nasjonalt kulturminne.

Først vil ein vise til vedlegget «Veileder; Kulturminner, kulturmiljøer og landskap **i Plan- og bygningsloven**». I utdraget som er vedlag er merka gult det som ein vil vektleggje og der ein viser til at veiledaren er først og fremst ein veileidar for kommunen som planmynde for korleis ein gjennom plan- og bygningslova har ein reidskap for å ta vare på kultuminna slik kommunar har ansvaret for.

Frå tidlegare og skrinlagd reguleringsplanarbeid for Sunde sentrum er skriven eit brev frå Hordaland fylke v/fylkeskultursjef og fylkeskonservator, «Oversending i høve nasjonale kulturminneinteresser. Motsegn» I dette brevet er understreka med raudt der fylkeskommunen viser til stadanalysen for Sunde (2004), internt skriv frå Kvinnherad kultur og fritid dat. 20.09.2010 der arbeidsgruppe vurderte Sunde sentrum som kulturminne / kulturmiljø. Dette skrivet frå fylkeskommunen viser og til dokumentasjonen som er ei stadfesting frå Norges Hermetikkindustrimuseum at Sunde kan bruka nemninga «Hermetikkindustrien si vogge» Dette er eit svært viktig og strategisk dokument for statusen til Sunde i ei framtidig utvikling, basert på det historiske grunnlaget og eit vern, der staden kan utviklast kring målsetjing om fleire etableringar av kulturbasert næring og reiselivsnæring.

Derfor går forslaget ut på; **Merknad1: å vise i arealdelen av kommuneplanen med rett skravur for spesialområde bevaring av kulturmiljø, avgrensa til det som vedlagt kart med avmerka bygg viser, og at førebuing til slik avsetjing i planen vert omskriven og teken med her i gjeldande planprogram.**

Stadanalyse for Sunde med gjeldande politisk vedtak av 09.09. 2004 «Analysen skal leggjast til grunn for vidare kommuneplan- og reguleringsplanarbeid samt enkeltsaker som gjeld utvikling av Sunde som strandstad» **Merknad 2: Analysen må visast til i kommuneplanen og her i planprogrammet under avsnitt om kommunale føringar.**

**Vedlegg :**

- 2-Planprogram regjeringen.no
- 3-Veileidar utdrag
- 4-Brev til Riksantikvaren
- 5-Oversiktskart
- 6-Kart reg. spesialområde
- 7-Foto av foreslått spesialområde
- e-post lenke, innspel til riksantikvaren